

Salget av And-delsbrev godt i gang.

08.06.2013

AND-DELSBREV 100 KRONER



Dette dokumentet er eit prov på at du tar del i det årlege andeløpet i Uskedalen, i samband med Aktivitetsdagen **15. juni 2013**

500 ender deltar i eit nervepirrande stormløp nedover Uskedalselva. Målgangen er eit stykke nedanfor Uskedal bru. Måtte den beste anda vinne!

Førstepremie: gavekort Sport1 Rosendal verdi kr. 5 000,-

Andrepremie: gavekort Sport1 Rosendal verdi kr 3 000,-

Tredjepremie: gavekort Sport1 Rosendal verdi kr 2 000,-

Ta godt vare på dette and-delsbrevet! Premieutdeling skjer like etter løpet.

Inntektene går uavkorta til Uskedalen idrettslag, slik at vi kan gi born og vaksne eit godt og rimeleg idrettstilbod.

Vi nyttar høvet til å takka våre gode samarbeidspartnarar og støttespelarar



GDF SVEZ

Anda di har nummer **103** Lukke til!

Følg oss på: www.uskedalil.no og www.facebook.com/Uskedalidrettslag

Mange har alt sikra seg slike and-delsbrev.

Salget av and-delsbrev til det populære Andeløpet som vert avvikla i samband med Aktivitetsdagen neste laurdag, er alt godt i gang. Unge og flinke fotballspelarar har vore flittige med å gå rundt i bygda for å selje. Det vert rapporttert om stor interesse og godt salg frå dei blide seljarane.

Andeløpet som føregår frå Djupehølen og nedover i Uskedalselva, vart arrangert første gang i 2008. Innteressa har heile tida vore stor. I år vert det selt inntil 500 and-delsbrev, og det er 3 flotte premiar. Gåvekort på henholdsvis 5000, 3000 og 2000 kroner.

Dei som ikkje alt har sikra seg and-delsbrev, kan kjøpe på Gro`s Blomster, Byggeriet, Zjakk frisør eller Spar-butikken her i Uskedalen. Kwart and-delsbrev kostar 100kr.

Meir om andeløpet på Uskedal il si heimeside:

http://www.uskedalil.no/uil/Nytt-frå-UIL/Kvakk-kvakk!-And-delsbrev-er-no-for-sal!/cid/a27342_31166/

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Ola M. Mathisen/ Thor Inge Døssland.



Ivar Gundersen viser fram ei and som deltok i første andeløpet i 2008